



TINGING AV OPPSTARTSMØTE

Bakgrunn for oppstartsmøte

Gjennomføring av oppstartsmøte er ei lovpålagt oppgave jf. plan og bygningslova § 12-8. Møtet skal haldast før kunngjering og formell varsling av oppstart regulering. Oppstartsmøtet har som føremål å oppretta ein tidleg kontakt mellom forslagsstillar og kommunen i private reguleringssaker, og det skal leggja grunnlaget for ein god prosess. Oppstartsmøtet skal gi ei gjensidig orientering. Forslagsstillar skal sende inn ei bestilling av oppstartsmøte, saman med kartskisse over planområdet og planinitiativ. Voss herad ved planavdelinga førebur seg til oppstartsmøte på grunnlag av forslagsstillar si bestilling og planinitiativ.

Kommunen sine vurderingar på oppstartsmøtet er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege myndigheiter, politiske vedtak, m.m. undervegs i planprosessen vil kunna medføra nye moment eller krav om/trong for endringar i planarbeidet. Oppstartsmøtet skal gje avklaring på aktuelle tema og spørsmål, men kan ikkje avgjera viktige punkt som vert belyst og avklara i den vidare planprosessen fram til endeleg politisk vedtak.

Reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkunnige, jf. plan og bygningslova § 12.3. Det er ein føresetnad at forslagsstillar har sikra fagkunnig deltaking på oppstartsmøtet.

Møtet vil normalt kunna haldast innan 3 veker frå komplett bestilling er motteke. I løpet av kort tid vil de få tilsendt forslag til møtetidspunkt.

Ynskje om spesielle dagar eller tidspunkt for møtet:

Frå forslagsstillar vil følgjande personar delta på oppstartsmøtet:

Funksjon	Firma	Kontaktperson	Tlf.	E-post
Forslagsstillar (skal alltid møta)				
Fagkunnig plankonsulent (skal alltid møta)				
Eventuelt andre				

Planinitiativ

I samsvar med *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven* §1 skal forslagsstillar samstundes med førespurnad om oppstartsmøte sende eit planinitiativ til kommunen. Vedlagt tingingsskjemaet finn de informasjon om kva opplysingar planinitiativet skal innehalde. Om planleggjar har eigen mal for planinitiativ, kan denne nyttast.

Følgjande skal leggjast ved tinginga:

- Planinitiativ i tråd med «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan og bygningsloven» (FOR-2017-12-08-1950)
- Kart med forslag til planavgrensing og tilkomst fram til offentlig veg.
- Framlegg til planavgrensing på SOSI-fil i gjeldande versjon

Tinginga med vedlegg skal sendast Voss herad planavdelinga.

E-post: berit.m.galaaen@voss.herad.no

Telefon: 90186409